

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Troms.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Balsfjord.

Emne: Brynet.

Bygdelag: Heile heradet.

Oppskr. av: Jens Heim,

Gard:

(adresse): Storsteinnes.

G.nr.

Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. I samråd med far min, Nik. Heim, Tennes, 70 år, bonde og handelsmann.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Namnet bryne er vanleg brukt. Å bryne berre om å bryne ein ljå. Hein er namn på serskilde slag bryne. Heina er gjerne mindre og av finare slag enn brynet. Ein bruker heina til å heine knivar, øksar o.l.
2. Før i tida blei det brukt berre naturstein. I dei siste 10-15 eller kanskje 20 åra er kunststein komen mykje i bruk. Sume bruker likevel endå berre naturstein til ljåar o.d. Det finst naturlege bryne på fleire stader i heradet, men ein kan vel seie at mesteparten blir innført, helst då frå Beiaren i Nordland. Det var og er vanleg at ein henta bryna sine sjølv. Sal av heime-bryne gjekk ikkje føre seg, men ein kunne gi andre eit bryne eller to når ein hadde vore på brynehenting.
3. Alle reiskapar blir først slipt på rund stein.
4. Bygda er ikkje så gamal at nokon minnest at ljåen blei tynnt ut med hamar el.l. Heller ikkje sigden. Å slipe ljåar og sigdar er visst like gammalt som bygda.
5. Det fanst ein litt større stein (brynstein) som låg still. Berre øksar blei kvest på denne steinen, og berre imellom kvar sliping på rund stein. Steinen blei kalla senna utt. seinna eller øksesenna, utt. økseseinna. Kva framgangsmåten blei kalla, veit ein ikkje no. Steinen brukest ikkje meir. Det finst heller ikkje andre reiskapar som blir slipt på denne måten. I gamal tid, for om lag 50 år sidan, kunne ein, når ein kom langt opp på jordene med slåtta, flytte slipsteinen med seg. No står alltid slipsteinen heime på garden, attmed husa.
6. Det kjem an på korleis slåtteteigen er, om graset er tungbitt el.l. Vanleg er det vel at ein vil prøve å greie seg ein halv dag med ljåen utan å få han slipt. Men nokon vanleg regel kan ein ikkje seie at dette er.
7. Ein har berre eitt slag bryne til ljåen. Trebryne er ikkje kjende her.
8. Ljåen sit på orvet under slipinga.

- 2
9. Folk held ljaen på ymse måtar. Det vanlege er å setje orvet i marka med ljaHuken opp mot brystet og odden fram. Stutturv blir ikkje brukt her.
  10. For om lag 50 år sidan var det meir vanleg at ein brukte brynekopp. Han hang då gjerne på baken, fest til eit belte el.l. No hender det at ein har brynekopp med på marka, men det er ikkje vanleg. Namnet var brynekopp eller brynekaup. Koppen var laga av tre.
  11. Nei.
  12. -
  13. Ein fuktar i alle tilfelle brynet, og ein bruker alltid vatn eller spytt.
  14. Kjenner ikkje til noko serskild ord.
  15. Har aldri høyrte om at brynesvarte er blitt brukt til noko.
  16. -
  17. Veit ingen ting om slike truer. Det er truleg heilt ukjent her.
  18. Nei.
  19. Nei.
  20. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

260